



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Sykkylven kulturhus
Dato:	29.06.2026
Tid:	kl 16:00 - 20:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Olav Harald Ulstein	Ordfører	FRP
Jarle Strømmegjerde	Varaordfører	H
Anita Vollstad	Medlem	FRP
Arve Ekornes	Medlem	FRP
Frank Kjøde	Medlem	FRP
Ivar Johannes Johansen	Medlem	FRP
Karl Dagfinn Lyshol	Medlem	FRP
Magnar Gjerde	Medlem	FRP
Svein Tore Sørård	Medlem	FRP
Anita Bente Kjerseim	Medlem	SP
Ole Kjell Eidem	Medlem	SP
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP
Sveinung Vemøy	Medlem	SP
Therese Kristin Utgård Aas	Medlem	SP
Birgitte S. Bonesmo	Medlem	H
Karoline Ringdal Hjelseth	Medlem	H
Maria Moe	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Karna Myhre	Medlem	AP
Otto Magne Strømmegjerde	Medlem	AP
Carola Herrmann	Medlem	V
Leif Kjetil Lorentzen	Medlem	V
Leonhard Vårdal	Medlem	SV

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Cecilie Naustenget	FRP	Linn Katrin Tafjord	FRP
Øyvind Hunnes	H	Synnøve Ramstad	H
Odd Arne Krüger	KRF	Caroline Tusvik	KRF
Janne Brunstad	SP	Harald Strømmegjerde	SP

Andre som møtte:	
Torbjørn Emblem	kommunedirektør
Henning Leiv Pilskog	kommunalsjef helse
John Henrik Welle	økonomisjef
Linda Nilsen Hovland	kommunalsjef oppvekst
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Cathrine Hovdenakk	personalsjef
Synnøve Hunnes	stabssjef/WEB-tv
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-38/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-39/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-40/26	Referatsaker
RS-18/26	Habilitet - gjennomgang / oppfrisking og endringar - kommunestyre 29.juni 2026
RS-19/26	Attvin - arbeidsutval - Tilbakemelding til kommunestyret
RS-20/26	Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026
PS-41/26	Krav om opning av vilkårsrevisjon for regulering av Nysætervatnet i Fausavassdraget
PS-42/26	Endringar i vedtektene for Kvellaugfondet
PS-43/26	Forskrift om politivedtekt for Sykkylven - forslag om mindre endring
PS-44/26	Detaljregulering FTU3 utleiehytter langs Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning
PS-45/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune
PS-46/26	Eigedomsskatt energianlegg - avklaringar og vurderingar
PS-47/26	Plan for budsjettprosessen - Budsjett og økonomiplan 2027-2030
PS-48/26	Budsjettrevisjon 1-2026
PS-49/26	Søknad om utvida skjenkeareal - Bølgen Bar & Restaurant
PS-50/26	Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026
IP-03/26	Interpellasjon frå Sykkylven Venstre – vidareføring av symjeopplæring for førskulebarn

38/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

KST - 38/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

39/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

KST - 39/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

40/26 Referatsaker

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

KST - 40/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

18/26 Habilitet - gjennomgang / oppfrisking og endringar - kommunestyre 29.juni 2026

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommuneadvokat Reidar Andresen orienterte og svarte på spørsmål og kommenterte innspel.

19/26 Attvin - arbeidsutval - Tilbakemelding til kommunestyret

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Ordførar Olav Harald Ulstein orienterte.

20/26 Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte. Kommunedirektør og kommunalsjef svarte på spørsmål.

41/26 Krav om opning av vilkårsrevisjon for regulering av Nysætervatnet i Fausavassdraget

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

pk 5 , foreslått av Anita Bente Kjersheim, Senterpartiet
Svartåa og Auskjergrova skal inngå i grunnlaget i kravet om vilkårsrevisjon

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding til pkt 1 - 4.

Deretter vart nytt pkt 5 samrøystes vedteke som foreslått av SP v. Anita Kjersheim.

KST - 41/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommune fremjar krav til Noregs vassdrags- og energidirektorat om opning av vilkårsrevisjon for reguleringa av Nysætervatnet i Fausavassdraget.
2. Kravet skal byggje på at gjeldande konsesjonsvilkår er gamle, og at nedtappinga våren 2026 viser at dagens manøvrering kan gi vesentlege verknader for vassmiljø, fisk, landskap, friluftsliv, tryggleik, beitedyr, landbruk og andre allmenne interesser.

3. Kommunestyret godkjenner hovudinnhaldet i vedlagde kravbrev som grunnlag for innsending til NVE.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle og faglege justeringar i kravbrevet før innsending.
5. Svartåa og Auskjergrova skal inngå i grunnlaget i kravet om vilkårsrevisjon.

42/26 Endringar i vedtektene for Kvellaugfondet

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå levekårsutvalet

KST - 42/26 Vedtak:

Sykkylven kommune godkjenner nye vedtekter for Kvellaugfondet, (merka korrigert versjon 10-6-26)

43/26 Forskrift om politivedtekt for Sykkylven - forslag om mindre endring

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 43/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek slik endring i Forskrift om politivedtekt, FOR 2019-03-28-405:

Nytt 3.ledd under § 2-1: Politiet kan etter søknad innvilge dispensasjon frå kravet til nattero for ei bestemt anledning i ei avgrensa periode. Det kan settast vilkår for eit slikt løyve. Søknad skal sendast til politiet innan ein frist fastsett av politiet. I søknaden skal det dokumenterast korleis berørte naboar er kontakta, og at desse har fått høve til å uttale seg innan ein gitt frist.

Tidlegare 3. ledd vert nytt 4.ledd.

Vedtaket vert å sende over til politidirektoratet for stadfesting og kunngjering.

44/26 Detaljregulering FTU3 utleiehytter langs Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet.

KST - 44/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda (planid15282025003), jamfør plankart sist revidert 16.02.2026, og føresegner og planomtale sist revidert 26.05.2026.

45/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 45/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

46/26 Eigedomsskatt energianlegg - avklaringar og vurderingar

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Anita Kjersheim tok opp spørsmål om habilitet som medeigar i Brunstad kraft og ho gjekk frå. Ho vart vedteken inhabil med 23 mot 5 røyster og ho deltok ikkje i handsaminga.

28 voterande.

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 46/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre tek avklaringa og vurderingane rundt eventuell eigedomsskatt på energi og kraft/nett anlegg til vitande.

47/26 Plan for budsjettprosessen - Budsjett og økonomiplan 2027-2030

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 47/26 Vedtak:

Plan for budsjettprosessen for Budsjett og økonomiplan 2027-2030 vert teke til vitande.

48/26 Budsjettrevisjon 1-2026

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - 48/26 Vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek budsjettrevisjon 1-2026 slik det kjem fram av tabelloppstillingane vedlagt saka.

49/26 Søknad om utvida skjenkeareal - Bølgen Bar & Restaurant

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå levekårsutvalet

KST - 49/26 Vedtak:

1. Bølgen Bar & Restaurant org.nr 935726727, får utvida skjenkeareal mot sjøen med areal nedanfor terrassen/restauranten og langs kaikanten, slik det går fram av vedlagte skisse. Mot nord vert utandørs skjenkeareal endra frå 10 x 15 meter, til ca 13 x 15 meter. Det skal vere 1 meter frå vegen til skjenkearealet (gjerde ev. telt). Jf. vedlagt skisse, der utvida areal er markert med blå skravering.
2. Alt utandørs skjenkeareal skal vere innegjerda, eller vere i telt.
3. Elles gjeld løyvet slik det er gitt i K-sak 50/25, og delegert sak 427/25.
4. Minner om politivedtektene sine bestemmelser om nattero etter kl. 2300. Dette gjeld også skjenkestadane sitt uteareal.

50/26 Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag frå SV: , foreslått av Leonhard Vårdal, SV - Sosialistisk venstreparti

Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå til at det i budsjettet for 2027 vert sikra ressursar for å gjennomføre tiltaka.

Ekstra punkt i tillegg til levekår si tilråding , foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektøren:

5.Vurdere korleis erfaringane frå alternative opplæringsarenaer og det eksisterande handlingsrommet i opplæringslova kan nyttast til å styrke praktiske, varierte og meistringsorienterte læringsformer i grunnskulen.

6.Vurdere korleis kommunen sine eigne ressursar, kompetansemiljø og alternative opplæringsarenaer, i samarbeid med lokale aktørar, kan nyttast til å styrke motivasjon, meistring og førebyggje skulefråvær gjennom praktiske og varierte læringsformer.

7. Rapportere til kommunestyret innan utgangen av 2026 om moglege tiltak for vidareutvikling av praktiske læringsformer, alternative opplæringsarenaer og arbeid mot skulefråvær.

Først vart levekårsutvalet si tilråding til pkt. 1 - 4 samrøystes vedteke.

Deretter vart Hans Petter B Sørensen sitt forslag til pkt 5 - 7 samrøystes vedteke.

Tilleggspunktet frå SV v. L Vårdal vart trekt etter debatten og vart ikkje røysta over.

KST - 50/26 Vedtak:

1. Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026 vert teken til vitande.
 2. Følgjande område skal prioriterast det komande skuleåret:
 - Trygt og godt skulemiljø med låg terskel for tiltaks- og aktivitetsplanar, og styrka samarbeid med føresette og støttetjenester.
 - Språk- og lesekompetanse med systematisk språkarbeid med leseferdigheiter. Skulane skal ha særleg fokus på å vidareføre arbeidet med tilpassa opplæring i lesing og tilpassa opplæring i norsk som andrespråk. Leseferdigheiter og språkutvikling grip inn i alle fagområda. Kommunen bør prioritere eit eige område/møterom på ungdomsskulen for å fremme leseglede og inkludering.
 - Inkluderande praksis og tidleg innsats; kompetanseheving og tverrfagleg oppfølging av elevar med behov for tilrettelegging.
 3. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for samarbeidsutval/FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår.
 4. Sykkylven si målsetting om reduksjon i behovet til ITO må ikkje gå utover barns rettigheter i CRPD Artikkel 24: Alle har rett til å lære og bruke evnene sine.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren:
5. Vurdere korleis erfaringane frå alternative opplæringsarenaer og det eksisterande handlingsrommet i opplæringslova kan nyttast til å styrke praktiske, varierte og meistringsorienterte læringsformer i grunnskulen.
 6. Vurdere korleis kommunen sine eigne ressursar, kompetansemiljø og alternative opplæringsarenaer, i samarbeid med lokale aktørar, kan nyttast til å styrke motivasjon, meistring og førebyggje skulefråvær gjennom praktiske og varierte læringsformer.
 7. Rapportere til kommunestyret innan utgangen av 2026 om moglege tiltak for vidareutvikling av praktiske læringsformer, alternative opplæringsarenaer og arbeid mot skulefråvær.

03/26 Interpellasjon frå Sykkylven Venstre – vidareføring av symjeopplæring for førskulebarn

29.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Carola Herrmann fekk presentere interpellasjonen, spørsmåla og forslag til vedtak.

Ordføraren svarte på spørsmåla, og Herrmann fekk kommentere svara.

Høgre bad om kort gruppemøte og dette vart innvilga.

Etter ein kort debatt trekte Carola Herrmann forslaget sitt og det vart fremma slikt alternativt forslag:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek å løyve inntil kr 85.000,- for svømmeopplæring til førskulebarn hausten 2026.
2. Dekning – sekkeposten til politisk – ansvar 8000 med inntil kr. 85.000,-.

Det alternative forslaget vart samrøystes vedteke.

KST - 03/26 Vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek å løyve inntil kr 85.000,- for svømmeopplæring til førskulebarn hausten 2026.
2. Dekning – sekkeposten til politisk – ansvar 8000 med inntil kr. 85.000,-.